

Alver kommune

Innspel til KPA (arealdel).

Ønskjer å avsetja areal til LNF-spred/kan på gnr/bnr. 140/4 Åsen på Erstad

Viser til kartskisse vedlagt området er på ca. 9 mål. Tall bustader i perioden eg ønskjer å få lagt inn er 2, subsidiert 3 bustader. Veg inn vil løysast inn i grensa til 140/49(sjå rød strekk kartskisse). Vegen vil ikkje ramma fulldyrkajord. 140/49 har kunn ein vegrett som ikkje blir forringa, tomtane vil få vegrett inn på same lokasjon. VA løysast med borehol og reinseanlegg.

Viser til kommuneplan sin samfunns del.

Areal avsetninga vil støtte fleire av mål i samfunns plan.

Skal Alver kommune oppfylle strategien sin rundt levendebygder må ein leggja til rette for innbyggjarar kan busetja seg utan om etablerte byggjefelt. Då er det kun moglegheita for å byggja i LNF-spred/kan som kan sikre at samfunnsdelen sitt mål om å bruka heile kommunen blir oppfylt.

Avstand til skule er 3,1 kilometer, det er mange born i området som alt har skyss, vegen har fortau frå Stølshaugane og til skule.

Det gir og ein moglegheit for at fleire kan etablere seg slik at ein får eit oppvekst og livsmiljø som gjer det attraktivt å byggja på slike plasser og opprettheldt området på Erstad som livskraft samfunn der fleire generasjonar kan bu og leva.

Det er ei naturlig utviding av eit område som alt har ca. 20 eksisterande busetnad på eit område med storleik ca. 86 mål. Det er ikkje eit område det vil vere naturleg å krevje reguleringsplan for. Det er i den siste tida også omgjort fleire fritidsbustader til bustad.

6. Prinsipp for arealbruk

I 6. Prinsipp for arealbruk / Prinsipp for landbruksutvikling omtaler plan at Alver skal forbetre landbruket sin posisjon gjennom å sikre produksjon og aktiv drift av landbruksarealet, eit aktivt skogbruk og vidareutvikling av tilleggsnæringar.

Eit av prinsippa er:

Vi skal ha eit sterkt jordvern.

Innspelet er lagt slik at fulldyrkamark ikkje vert bygd ned.

Hovudmål 1: Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender.

Dette vil vi oppnå (mål)

Alver legg til rette for bustadområde av ulik storleik og spreidd busetnad som støttar opp om og utviklar bygdene og grendene i heile kommunen.

Dette vil vi oppnå (mål)

Alver har levande bygder med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.

Alver legg til rette for bustadområde av ulik storleik og spreidd busetnad som støttar opp om og utviklar bygdene og grendene i heile kommunen

Slik skal vi gjere det (vegval)

Vi skal leggje til rette for bustadbygging som støttar opp om og utviklar bygdene og grendene i heile kommunen.

Vi skal utvikle heile kommunen, og leggje til rette for utbygging og spreidd busetnad utanfor senterområda.

Vi skal bruke LNF-spreidd som eit aktivt verktøy.

Innspelet vil støtte opp om dette målet.

Med venleg helsing

Svein Kjetil Stortvedt



Kartskisse

